



Julaeple i store mengder vart hausta på Steinsletto i haust.

**Før vart det snakka om julaeple, eit felles ord for eple etne i jula. Eit anna omgrep er vintereple. Uskedalen.no ville finna meir ut om julaeple Turen gjekk sjølvstilt til Magne Eik. Magne er den i Uskedalen i dag som har dei beste kunnskapane om fruktdyrking, frå planting til hausting og sal av eple. No er det neste generasjon på bruket som fører frukttradisjonane vidare.**

Magne Eik minnest godt oppveksten på Eik og eple til jul. Det var i hovudsak to sortar: Gravenstein og Torsteinseple. Raud Gravenstein kom til Noreg frå USA i 1925 og held seg til ut i februar. Raud Torstein vart dyrka av Sjur Alsaker på Vines, kom i handel i 1935. Raud Torstein held seg til fram mot mai månad.





[Eik og Steinsletto er den beste plassen i Uskedalen for fruktdyrking.](#)

Så må vi ta med Filippa som er ein kryssing av Gravenstein og såkalla Flaskeple. Filippa kjem frå Fyn i Danmark på 1880 talet. Olav H. Hauge skriv om Flaskeple i diktet Eg hogg ned den store apalen utfor glaset. Hauge skriv at det finst ikkje betre eple ut på vårparten, dei har så fin krydda smak.

Eplesorten Ingrid Marie høyrer også til det vi kallar for vintereple. Det er ein dansk eplesort som kom til Noreg etter 1935. Det vart planta mykje Ingrid Marie på 1960 talet.

Av nyare slag må vi ta med Aroma, svensk frå 1948, til Noreg i 1966 og vart verkeleg marknadsført frå tidleg på 1970 talet. Aroma er ein kryssing av Ingrid Marie og Filippa. Til slutt nemner Mange eplesorten Elstar som kjem frå Holland og som igjen er ein kryssing av Ingrid Marie og Golden Delicious.

Magne Eik veit kva han snakkar om når det gjeld eple. Foreldra hans, Laura og Thomas Eik, dreiv med frukt på Eik. Bestemora, Sigrid, kom frå fruktgard på Alsaker. Sjølv gjer han alt med planting, prøver ut nye sortar, poding og bruk av rotskot.

Eple frå Steinsletto er raude og fine i forma. Dei er gode på smak, ein fin balanse mello sødme og syrlighet. Eik og Steinsletto er den beste plassen i Uskedalen for fruktdyrking. Det heng saman med den varme fønvinden vår og haust frå dei oppvarma fjella kring Eikedalen. Fruktdardane ligg kring 50 meter over havet, i eit belte med det beste klima for fruktdyrking.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Magne Eik



Raud Gravenstein er eit typisk julaeple med god smak, ein fin balanse mellom sødme og syrleghet.